

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FE-614, TI-&46, TI-&41	21/665

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2022	Formannskapet	PS	15.02.2022

## Justering av budsjett - ventilasjon Masfjorden sjukeheim og fasade Sandnes skule

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Bilder murvegg	10.02.2022
Bilder vegg og glassfelt	10.02.2022
Bilder	10.02.2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Justering av budsjett for Sandnes skule rehabilitering og Masfjorden sjukeheim ventilasjon frå 1.700.000 til 2.180.000 inkl mva. Investeringsbudsjettet 2022 for Masfjorden kommune vert justert i samsvar saksutgreiinga, og inneber ingen auke i 2022 budsjettet, justeringane er framlagt i balanse.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Saka gjeld justering av investeringsbudsjett for Sandnes skule rehabilitering og Masfjorden sjukeheim ventilasjon, etter innkome anbod på desse 2 prosjekta.

#### Fakta

Masfjorden kommune har hatt ute på anbod Sandnes skule rehabilitering, fasader der det er kome inn 2 stykk anbod.

Sandnes skule rehabilitering for 2022 avsatt 300.000,- dette gjeld skifting av vinduer i foajen/trappe oppgang mellom 1 og 2 etasje, og fasadeplater/kledning på vegg ved inngang til bibliotek. Sandnes skule rehabilitering var det avsatt 300.000,- for 2022.

Etter anbodsrunde på Sandnes skule rehabilitering, er det eit avvik på vedtatt investeringsbudsett på 150.000,- inkl.mva.

Oppsette kostnadar etter anbod fasade Sandnes skule

Budsjett	<b>300000</b>
Vindu felt	<b>199136</b>
vegg	<b>201626</b>
Avfall	<b>12500</b>
Uforusett	<b>37500</b>
<b>Totalsum inkl mva</b>	<b>450762,00</b>
<b>Ikkje dekning</b>	<b>150000,00</b>

Masfjorden sjukeheim ventilasjon det er kome inn 5 tilbod.

Masfjorden sjukeheim var det avsatt 1.400.000,- til ventilasjon for 2022. Dette gjeld skifting av 2 stykk ventilasjonsaggregat til 2 avdelingar, pleie 1 og pleie 2. Det vert og levert kjøling på dei nye aggregata, som har vore eit stort ynskje og behov på varme dagar på sjukeheimen.

Etter anbodsrunde på Masfjorden sjukeheim ventilasjon , er det eit avvik på vedtatt investeringsbudsett på 330.000,- inkl.mva.

Oppsette kostnader etter anbud ventilasjon sjukeheimen:

Budsjett	<b>1400000</b>
Ventilasjon	<b>1447562</b>
Reingjering	<b>137 500</b>
Avfall	<b>20 000</b>
Uforusett	<b>125 000</b>
<b>Totalsum inkl mva</b>	<b>1730062</b>
<b>Ikkje dekning</b>	<b>330062,00</b>

Etter anbodsrunde på Sandnes skule rehabilitering og Masfjorden sjukeheim ventilasjon er det eit avvik på vedtatt investeringsbudsett på 480.000,- inkl.mva.

Finansiering av Sandnes skule rehabilitering og Masfjorden sjukeheim ventilasjon.

Sandnes skule og Masfjorden sjukeheim	1700000	oppHAVELEG budsjett
Sjukeheimen kjøkken	300000	Utsatt til 2023
Matre skule vindu/isolering	180000	justert til 1000000
<b>sum</b>	<b>2180000</b>	

For å få finansiering av Sandnes skule rehabilitering og Masfjorden sjukeheim ventilasjon, vert dette tatt frå Masfjorden sjukeheim kjøkken på med ein vedtatt sum på kr 300.000,-, vert då utsatt til

2023.

Matre skule vindu og isolering er det vedatt ein sum på 1.200.000,- , for 2022, dette vert redusert til ein sum på 1.000.000.

Grunnen til prisaukninga er generell prisstigning innan byggevarer det siste året. Stigninga på materiale har vore kvar mnad sidan slutten av 2020, dette gjeld på stål, tre, og isolasjonsmateriale, i dette prosjektet. Ein har ikkje eksakte tall kor mykje i % stigning det har vore siste året. Stigninga på materiale har vore kvar mnad sidan 1 Januar 2021.

### **Kommunestyret - 039/2021**

*KS - behandling:*

*Saka vart drøfta.*

*Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) sette fram følgjande framlegg til tillegg til vedtak:*

*Investeringa på sjukeheimen som er nemnd i saksutgreiinga vert starta opp og gjennomført tidleg 2022.*

*Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilleggspunktet frå KrF vart samrøystes vedteke.*

### **Vurdering**

For å få finansiering av Sandnes skule rehabilitering og Masfjorden sjukeheim ventilasjon, vert dette tatt frå Masfjorden sjukeheim kjøkken på med ein vedtatt sum på kr 300.000,-, vert då utsatt til 2023.

Matre skule vindu og isolering er det vedatt ein sum på 1.200.000,- , for 2022, dette vert redusert til ein sum på 1.000.000. Justert investeringsbudsjett 2022, som i saksutgreiing lagt fram i balanse.

### **Konklusjon**

Formannskapet viser til saksframlegg og godkjenner justering av budsjett frå 1.700.000 til 2.100.000 inkl mva. Økningen vert tatt frå Masfjorden sjukeheim kjøkken og justert budsjett Matre skule.

### **Formannskapet - 025/2022**

#### **FS - behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Justering av budsjett for Sandnes skule rehabilitering og Masfjorden sjukeheim ventilasjon frå 1.700.000 til 2.180.000 inkl mva. Investeringsbudsjettet 2022 for Masfjorden kommune vert justert i samsvar saksutgreiinga, og inneber ingen auke i 2022 budsjettet, justeringane er framlagt i balanse.**